

Referat frå årsmøte i Bjordal og Ortnevik sokn

søndag 12.02.23 etter gudstenesta i Bjordal kyrkje kl. 16.00

Det vart plassert bord i midtgangen av kyrkja, og servert kaffi og kake til dei 17 fram møtte. Norvald Bjordal som har vore kyrkjetenar i mange år vart takka i gudstenesta, og det var spesiallaga marsipankake i høve markeringa.

Etter litt drøys rundt borda starta leiar Sissel Sørebo med ein gjennomgang av årsmeldinga for 2022 - den vart teken til vitande utan merknad.

Soknerådet vil satse på desse nye tiltaka framover:

- Myldresamlingar 1 gong i månaden i Ortnevik for born 1-6 år
- Familiesamlingar i Ortnevik
- Song på Bygdetunet anna kvar måndag

Kasserar Liv- Gunnbjørg Søreide la fram tal frå rekneskapen.

Sum inntekter på kr 70.225.88

Sum utgifter på kr 68.380.47

Det vart eit overskot på kr 1.845.41 dette året.

I banken pr.01.01.23 har soknerådet kr 28.889.88.

Mari- Ann L. Fridtun og Kari Søreide har revidert rekneskapen og funne den i orden.

Sak til årsmøte/ kyrkjelydsmøtet for godkjenning :

Tal medlemmer i nytt sokneråd

Soknerådet har drøfta tal medlemmer i nytt sokneråd og har vedtak om 4 medlemmer og 3 vara, som skal leggast fram for soknemøte for godkjenning.

Vedtak: Årsmøtet godkjende tal medlemmer i nytt sokneråd med 4 medlemmer og 3 vara medlemmer.

Elles blei det drøfta :

- Dagsturhytte på Søreide som er under planlegging og det er mulig å støtte økonomisk.
- Kyrkjetenarstillinga i Bjordal som enno står ledig, og som soknerådet jobbar med.
- Gode kandidatar til soknerådsvalet

Årsmøtet vart avslutta med to vers av salmen Fager kveldssol smiler.

Sissel Sørebo
Leiar

Ann Iren Østerbo
sekretær

Kopi: Lavik kyrkjekontor
Høyanger kyrkjekontor